

Referat frå FAU møtet 27.11.2017

1.info frå einingsleiar

- Det er lyst ut ein 110% stilling på skulen, der ein har fått ein søkar med kompetanse
- Avtalar mellom barna på skulen, skal gjerast på fritida, ikkje i løpet av skuledagen, dette er fordi lærerane opplever ein del uro blant elevane, dersom dette blir gjort i skuletida
- Budsjett, oppvekstsenteret går i minus nå, dette er og rådmannen kjent med
- Uteområdet, planlegginga er i gang, og ein skal prøva å ha det meste der som skulen sto før, slik at uteområdet blir mest mulig samla, og på budsjettet til dette er det ca 800 000,-
- SU har laga ein samla kommentar, som gjeld ungdomskuletrinnet
- Forslag til nye vedtekter i SFO blir lagt ut på skulen si heimeside, og ein kan komma med kommentar til denne innan 10.desember

2.kommunalt FAU

- Det var møte i kommunalt FAU 13.november, og Aud Nora var på dette møtet, referat frå møtet ligg på minskule.no

3.Elevkveldar

- Det er komt forslag om ein skal lage til elevkveldar for elevane på skulen, for å arbeide for eit bedre skulemiljø, dette blir først og fremst laga til for dei i 1.-7.klasse
- Det er i regi av FAU, og sidan FAU ikkje har så god økonomi, bør det vera ting som ikkje kosta noko særleg, men det kan kanskje gå an at elevane av og til betalar 20-30 kroner kvar?
- Me kan bruke skulen desse kveldane
- Elevkveldar er både så elevar og foreldre kan treffast
- Skulen lagar til den første, som blir etter jul, og så kan FAU lage til ein til våren, evaluering deretter.

4. juleavslutning 19. desember

- Startar i kyrkja kl.17.00
- Program i gymsalen er frå kl.18.00
- Me dekker småbord i gymsalen, pleier å gjerast av skulen i forkant. Pynting av FAU.
- Kor er kaffikanner, mugger og fat som høyrer til FAU? Dersom desse er blitt borte, går det an å låna av ØSS?
Oppdatering: Det er funne ein del kanner, mugger og fat på skulen og i lagerrommet på sentrumsbygget.
- Lys kake: Aud Nora, Oddny og Anita V
- Mørk kake: Lars Øystein, Vidar A og Greta
- Lars Øystein skaffar veksler og tar inngongspengar.
- Anita og Oddny ser på handleliste, Anita handlar.
- Skjær opp kaka før de leverer den!
- Inngongspenger: 50 kr per. Pers. Skuleelevar og barnehageborn gratis
- FAU møter kl. 16.30

5. ymse

- Matpausen til elevane er 15 minutt, dette er for kort tid til ein del elevar, og dei klarer ikkje å få i seg maten sin i løpet av den tida, det er ønske om å ha lenger tid på å eta (er det lovverk e.a. som seier noko om dette?)
- Friminutt/midttimen, der har vore litt uro i ungdomsulen, der dei fekk advarsel ein dag om at dersom dette ikkje blir bedre, må dei ut i det friminuttet, dagen etter var det bestemt at dei skulle ut uansett. Ingen tid til å rette det opp, regelen kom plutseleg.
- Elevar fortel om at det nyttast «kollektiv» straff ved skulen i nokre tilfelle. FAU meiner det ikkje er hensiktsmessig med «kollektiv» straff der ein veit kven som eventuelt har gjort noko gale. Ein bør då heller la den/ de det gjeld ta konsekvensen for handlingane sine.

- Etter nyttår sluttar Tuva på Nesflaten skule, dette fører til at Anita V sluttar i FAU. Aud Nora som nå er nestleiar, overtar som leiar, og Aud Nora sin vara trer inn i FAU.